



Simas IKS
Festingdalvegen 368
6854 Kaupanger

Sakshandsamar::
Astrid Holte

Rapport frå inspeksjon ved Simas IKS Festingdalen

Kontrollnummer: 2020.115.I.FMVL

Kontaktpersonar ved inspeksjonen:

Frå verksemda:

Hallvard Thomassen
Dagny Alvik
Geir Øygard
Geir Selseng
Gunnar Barsnes Onarheim

Frå Fylkesmannen i Vestland:

Kristin Espeset
Astrid Holte

Frå Sogn Brann og redning:

Johnny Skjerping

Resultat frå inspeksjonen

Denne rapporten gjeld resultatet frå inspeksjon ved Simas IKS Festingdalen den 20. oktober 2020. Rapporten er å sjå på som endeleg dersom vi ikkje får tilbakemelding om faktiske feil innan to veker etter at rapporten er motteken.

Fylkesmannen i Vestland avdekka 2 avvik og ga ingen merknader under inspeksjonen.

Avvik:

- Internkontrollen har manglar
- Verksemda følgjer ikkje alle krava i løyvet og avfallsforskrifta

Avvik er nærare omtalt frå side 5 og utover i rapporten.

Sogn Brann og redning har laga eit notat som følgjer som vedlegg til denne rapporten, sidan Simas IKS ikkje er registrert som særskilt brannobjekt.

Oppfølginga etter inspeksjonen er nærare omtalt på side 4.

Elektronisk dokumentert godkjenning, utan underskrift

Toril Mulen
seniorrådgjevar

Astrid Holte
senioringeniør

Fylkesmannen i Vestland

Kopi til: Sogn Brann og redning
Næringslivets sikkerhetsorganisasjon

1. Informasjon om den kontrollerte verksemda

Ansvarleg eining

Namn: SIMAS iks	
Organisasjonsnr.: 974 888 076	Eigd av: 974 888 076
Bransjenr. (NACE-kode): 38.21 Behandling og disponering av ikkje-farleg avfall, 38.22 Behandling og disponering av farleg avfall, 90.000 Kloakk- og renovasjonsvirksomhet	

Kontrollerte einingar

Namn: Festingdalen avfallsplass	Anleggsnr.: 1420.0008.05
Kommune: Sogndal	Fylke: Vestland
Anleggsaktivitet: Ordinært avfall	
Løyve gitt: 30.10.1997	Sist endra: 19.12.2016

Namn: Festingdalen avfallsplass	Anleggsnr.: 1420.0008.06
Kommune: Sogndal	Fylke: Vestland
Anleggsaktivitet: Farleg og smittefarleg avfall	
Løyve gitt: 30.10.1997	Sist endra: 19.12.2016

Namn: Festingdalen avfallsplass	Anleggsnr.: 1420.0008.07
Kommune: Sogndal	Fylke: Vestland
Anleggsaktivitet: Kompostering	
Løyve gitt: 30.10.1997	Sist endra: 19.12.2016

2. Bakgrunn for inspeksjonen

Tilsynet er del av ein landsomfattande tilsynsaksjon med brannar i avfallsanlegg. Målet med aksjonen er å redusere brannar og miljøverknadane av brannar i avfallsanlegg ved å kontrollere at verksemdene jobbar forsvarleg med førebyggjande arbeid for å hindre at brann oppstår, og å redusere miljøverknadane om brann oppstår.

Miljødirektoratet og Direktoratet for samfunnssikkerhet og beredskap (DSB) koordinerer aksjonen. Miljødirektoratet og fylkesmannen fører tilsyn med forureiningslova og tilhøyrande forskrifter, medan brann- og redningsvesenet fører tilsyn med krava i brann- og eksplosjonsvernlova og forskriftene om brannførebygging og handtering av farleg stoff. Internkontrollforskrifta er heimla i begge lovene.

Tilsynet er gjennomført i medhald av forureiningslova § 48.

Sidan Simas IKS ikkje er registeret som eit særskilt brannobjekt gjennomførte Sogn Brann og redning synfaring (ikkje tilsyn) etter brannregelverket (brann- og eksplosjonsvernlova § 13 og forskrift om farleg stoff § 23), og har laga eit notat etter synfaringa.

Inspeksjonstema

- Styringssystem, kompetanse og risikoanalysar
- Om avfallsfraksjonane, under dette farleg avfall, vert oppbevart forsvarleg og brannsikkert
- Brannsikkerheit i byggverk, produksjon, transportmiddel eller annan innretning
- Plikt til å unngå forureining og løyve frå Fylkesmannen

Rapporten gjeld avvik og merknader som vart avdekka under inspeksjonen. Han gir ingen fullstendig tilstandsvurdering av miljøarbeidet, miljøstatusen eller brannførebyggjande arbeid i verksemda.

Avvik frå forureiningsregelverket innan andre tema som vart avdekka under synfaringa er også omtalt i rapporten.

Definisjonar

Avvik: Manglande etterleving av krav fastsette i eller med heimel i lov.

Merknad: Eit tilhøve som tilsynsetatane meiner det er naudsynt å peike på for å ivareta ytre miljø, men som ikkje er omfatta av definisjonen for avvik.

Andre tilhøve: Saker som kom fram under inspeksjonen og som det kan vere nyttig for verksemda og sakshandsamarar å kjenne til. Informasjon om verksemda og kommentarar til tema som vart tekne opp under inspeksjonen, men som ikkje vart klassifisert som avvik eller merknader, kan også inngå her.

3. Oppfølging etter inspeksjonen

Simas IKS pliktar å rette opp avvika som er omtalte i denne rapporten så snart som råd. For at Fylkesmannen skal kunne avslutte saka, ber vi om at Simas IKS innan 1. mars 2021 sender ei skriftleg utgreiing som viser korleis avvik er retta og kva tiltak som er gjennomførte eller planlagde. Likelydande tilbakemelding skal sendast til både Fylkesmannen i Vestland og Sogn brann og redning.

Det er ikkje krav til tilbakemelding på notat frå Sogn brann og redning, men det er likevel ønskeleg med tilbakemelding.

Vi ber om at de stiler svarbrev eller e-post (fmvlpst@fylkesmannen.no) til Fylkesmannen i Vestland v/Astrid Holte og Sogn brann og redning (post@sognbrann.no) v/Johnny Skjerping.

4. Vedtak om gebyr

Vi viser til informasjon og varsel om gebyrplikt som vart gitt til verksemda den 24.09.2020. Verksemdar skal betale gebyr for kontrollar utførte av Fylkesmannen i samsvar med § 39-3 i

forureiningsforskrifta. Gebyret skal dekke kostnader med førebuing, gjennomføring og oppfølging av kontrollen. Gebyrsatsar for kontroll av verksemder etter forureiningslova er fastsette i forureiningsforskrifta §§ 39-7 og 39-8.

På bakgrunn av forventa ressursbruk må Simas IKS betale eit gebyr på kr 26 700,- for inspeksjonen, jf. forureiningsforskrifta §§ 39-7 og 39-8. Dette svarer til gebyrsats 2 for tilsyn av inntil ein dags varigheit. Miljødirektoratet vil sende dykk ein faktura for innbetaling til statskassa. Fylkesmannen viser elles til forureiningsforskrifta kapittel 39 om innkrevjing av gebyr til statskassa.

Klagerett

Vedtaket om gebyr kan klagast på til Miljødirektoratet, jf. § 28 i forvaltningslova. Ein eventuell klage bør vere skriftleg grunngjeven og adressert til Miljødirektoratet, men skal sendast via Fylkesmannen i Vestland. Fylkesmannen vil vurdere endring av vedtaket eller sende saka vidare til Miljødirektoratet for endeleg vedtak. Gebyret som er fastsett ovanfor, må likevel betalast inn. Dersom Miljødirektoratet tek klagen til følgje, vil for mykje innbetalt beløp bli refundert.

5. Innsyn

Denne rapporten vil vere offentleg tilgjengeleg via postjournalen til Fylkesmannen i Vestland (jf. offentleglova).

6. Avvik

Vi fann følgjande avvik under inspeksjonen:

Avvik 1

Internkontrollen har manglar

Internkontrollforskrifta

- § 5 første ledd punkt 2 om kunnskap, jf. løyve punkt 3.1 om bemanning og kompetanse
- § 5 andre ledd punkt 6 om risikovurdering
- § 5 andre ledd punkt 7 om rutinar

Kommentar til regelverket:

Kunnskap og kompetanseplan - § 5 første ledd punkt 2 jf. og løyve punkt 3.1

Verksemda skal sørge for at dei tilsette har tilstrekkeleg kunnskap og ferdigheiter i det systematiske helse-, miljø- og sikkerhetsarbeidet, inkludert om brannfaren knytt til arbeidet i avfallsanlegget, utsleppskrav mv.

I løyvet gitt 19.desember 2016 punkt 3.1 er det krav til kompetanse for tilsette som handterer farleg avfall. Dei skal halde seg oppdatert om gjeldande reglar og normer om stoff/avfall som kan takast imot på anlegget, og verksemda skal ha ein plan for korleis kompetansen kan haldast vedlike og aukast.

Risikovurdering– § 5 andre ledd punkt 6

Verksemda skal kartlegge farer og problem og vurdere risiko. På bakgrunn av dette skal dei lage handlingsplan for å redusere risikoforholda. I handlingsplanen skal det gå fram tiltak, ansvarleg og frist for når tiltaka skal vere gjennomført. Risikovurdering og handlingsplan skal dokumenterast skriftleg.

Rutinar – § 5 andre ledd punkt 7

Verksemda skal ha rutinar for å avdekke, rette opp og førebygge brot på miljøregelverket. Rutinane må vere dokumenterte og vere del av internkontrollen. Rutinar skal dokumenterast skriftleg og skal sikre at verksemda følgjer krav i miljø- og brannregelverket.

Avviket er basert på følgande observasjonar:

Kunnskap og plan for å auke kompetansen

Verksemda mangla dokumentasjon på at dei tilsette har fått opplæring i brannfaren ved handtering av litiumbatteri. Brann på anlegget kan føre til akutt forureining ved røykutslepp og utslepp av slokkevatn. Verksemda hadde gjennomført opplæringstiltak og hadde dokumentasjon på annan opplæring, men det gjekk ikkje fram av dokumentasjonen at det var gitt opplæring om litiumbatteri.

I RISE-rapport 2019:61 Branner i avfallsanlegg er litiumbatteri vurdert som avfall med høg brannrisiko, både som sortert EE-fraksjon og som usortert avfall. Kompetanseplanen må omtale korleis verksemda sikrar at dei tilsette får kunnskap om handtering av litiumbatteri og eventuelt utstyr som kan brukast i beredskapen, og dokumentasjon på at planen blir følgt.

Risikovurdering

Verksemda sin risikovurdering er mangelfull når det gjeld brann og påfølgande miljørisiko ved brann. Dette er basert på følgjande observasjonar:

- **Brannsikker lagring:** Risikovurderinga omfatta ikkje vurdering av brannsikker lagring av avfall vurdert opp mot avfallsmengder, lagringsareal og lagringshøgde omtalt i kapittel 7.1.3 i RISE-rapport 2019:61 Branner i avfallsanlegg. Verksemda har vurdert brann- og miljørisiko, men vurderingane omfatta ikkje lagring på anlegget vurdert opp mot tilrådingane for innandørs og utandørs lagring. Rise-rapporten gir den mest oppdaterte kunnskapen for å redusere brann og påfølgande miljørisiko ved avfallsanlegg, og alle verksemdar må vurdere sine anlegg opp mot den nyaste kunnskapen og tilrådingane i rapporten.
- **Brannfare ved deponigassanlegget:** Risikovurderinga omfatta ikkje vurdering av brannfare ved deponigassanlegget og eventuelt gass i deponioverflata. Deponigassanlegget er ikkje i drift, men verksemda må likevel vurdere brannfaren ved anlegget og gass på deponioverflata, og ev. risikoreduserande tiltak.
- **Brannslukkevatn:**
 - Verksemda har vurdert at manglande vatn til sløkking av brann har uakseptabel risiko, men det er uklart om dei risikoreduserande tiltaka på kort sikt er tilstrekkelege. Verksemda har lagt inn plan om etablering av tank til slokkevatn i investeringsbudsjettet for 2022. Det er uklart om dei risikoreduserande tiltaka er tilstrekkeleg dersom det oppstår brann før det er bygd ny tank. Manglande

brannvatn kan føre til større miljøkonsekvensar ved ein brann fordi brannen kan spreie seg eller vare lengre.

- Miljørisiko ved slokkevatn frå området ved miljøstasjonen er ikkje vurdert i risikovurderinga. Verksemda opplyste at slokkevatn frå miljøstasjonen ikkje har avrenning mot reinsanlegget. Verksemda har vurdert ureina sløkkevatn i miljørisikovurderinga, men risiko og tiltak for område som ikkje renn inn på reinseanlegget er ikkje vurdert.
- Graving av grøft for forureina sløkkevatn er omtalt som risikoreduserande tiltak, men det er uklart kva som er meint med dette, når og kor det skal vurderast og korleis det skal gjerast.
- **Sortering ute:** Verksemda sorterer næringsavfall ute, men har ikkje vurdert risikoen ved dette opp mot vilkår 2.3 i løyvet om å redusere forureining så langt som råd. Ved sortering ute kan det vere vanskelegare å oppdage farleg avfall og EE-avfall som er levert saman med anna avfall ved regn, vind og lite lys. Dette kan føre til større fare for at til dømes litiumbatteri i avfallet ikkje vert oppdaga. Utandørs sortering fører også til større fare for flygeavfall og større avrenning frå avfallet enn ved sortering inne.

Rutinar

Avviksrutinar: Levering av litiumbatteri saman med anna avfall vart ikkje alltid ført som avvik.

Verksemda har etablert system for melding og oppfølging av avvik i Landax. Ved feillevering av avfall vart dette sortert ut og ført som avvik, men mindre mengder blir ikkje registrert som avvik. Det var uklart kva som var nedre grense for å føre avvik. Litiumbatteri blanda i restavfallet kan føre til brann også ved små mengder. Avviksregistrering er viktig for å avdekke, førebygge og rette opp levering av litiumbatteri blanda med anna avfall.

Varslingsrutinar: Varsling av grunneigarar og naboar i Amla er ikkje omtalt i beredskapsplanen eller varslingsplanen. Verksemda har skogeigedomar som nabo, og tidleg varsling mellom naboane kan redusere faren for spreiding ved brann. Verksemda opplyste at røyk ved ein brann kan nå naboar i Amla, og at desse burde varslast tidleg for å redusere konsekvensar ved brann. Varsling er tema i beredskapsanalysen og risikovurderinga, men er ikkje omtalt i beredskapsplan eller varslingsplan.

Avvik 2

Verksemda følgjer ikkje alle krava i løyvet og avfallsforskrifta

Avvik frå:

- Løyve punkt 1.1 om kva løyvet gjeld
- Løyve punkt 3.5 om farleg avfall
- Avfallsforskrifta § 11-5 om forsvarleg oppbevaring
- Avfallsforskrifta kap. 11 vedlegg 4 Minimumskrav til anlegg for mottak og mellomlagring av farleg avfall punkt 1c), 1d), 1e) og 3)

Kommentar til regelverket:

Løyve punkt 1.1 Avfall – kva løyvet gjeld

Løyvet gjeld mottak, sortering, omemballering, lagring inkludert samlangring, omlasting og transport til godkjent mottakar. Løyvet omfattar ikkje anna behandling av farleg avfall, som t.d. kverning eller kompaktering.

Løyve punkt 3.5 - farleg avfall

Det er krav til at farleg avfall skal handterast i samsvar med krav i vedlegg 4 til kapittel 11 om farleg avfall.

Avfallsforskrifta § 11-5 om forsvarleg oppbevaring

Det er krav til lagringsplassen, mellom anna krav til vern mot ytre påverking, plassering med nødvendig avstand og tydeleg merking.

Avfallsforskrifta kap. 11 vedlegg 4 punkt 1c) - miljørisikovurdering ved lagring av farleg avfall

All lagring av farleg avfall skal vere basert på vurdering av miljørisiko ved lagringa i tråd med krav i internkontrollforskrifta.

Avfallsforskrifta kap. 11 vedlegg 4 punkt 1d) – lagring under tak og på fast dekke

Lagring av farleg avfall skal skje under tak og på fast dekke med oppsamling av eventuell avrenning. Annan lagringsmåte kan verte godtatt dersom verksemda kan dokumentere at den valde lagringsmåten gir minst like låg risiko og like godt miljøvern.

Avfallsforskrifta kap. 11 vedlegg 4 punkt 1e) - samlagring

Ulike typar farleg avfall som ved kontakt kan gi fare for brann/eksplosjon og/eller danne farlege stoff skal lagrast med god avstand.

Avfallsforskrifta kap. 11 vedlegg 4 punkt 3) – utslepp til vatn

Utslepp til vatn frå avfallshandteringa er ikkje tillate. Handtering omfattar også lagring av farleg avfall.

Avviket er basert på følgande observasjonar:

Merking

Nokre område der det var lagra farleg avfall mangla merking eller var dårleg merka. Det gjeld til dømes ein container for farleg avfall og batteri, inkludert litiumbatteri.

Samlagring og risikovurdering

I container på miljøstasjonen var syrer og baser lagra i fat plassert rett ved kvarandre, sjølv om det i risikovurderinga er omtalt at avfall som kan reagere med kvarandre skal stå med minst 80 cm avstand.

Eit gammalt, rustent fat merka med calciumhypokloritt og påskriften oksiderend og faremerka med brannfare var lagra i same container for farleg avfall, men det var uklart om brannrisikoen ved denne plasseringa var vurdert. Det var uklart kor farleg avfall som er særlig brannfarleg skulle lagrast, utover batteri. Slikt avfall bør lagrast separat på grunn av brannfare.

Oppbevaring og handtering av farleg avfall

Verksemda lagra ikkje impregnert trevirke under tak og på fast dekke med oppsamling av eventuell avrenning. Dette avfallet vart lagra ute på område med avrenning via reinseanlegg til sjø. Det impregnerte trevirke vart kompaktert, sjølv om løyvet ikkje omfattar slik behandling.

7. Merknader

Det vart ikkje gitt merknader under inspeksjonen.

8. Andre tilhøve

Kompostering av matavfall

Fylkesmannen gav i 2019 samtykke til mellombels å kompostere matavfall på særskilt avsett område med fast dekke. Dersom avfallsmengden jamleg overstig 1 500 tonn per år, er det eit vilkår at området der avfallet vert behandla skal vere taklagt. Samtykket er gjeldande fram til løyvet er oppdatert i tråd med nye BAT-konklusjonane for avfallsanlegg. Fylkesmannen vil vurdere nye krav til komposteringsanlegget i samband med implementering av BAT-konklusjonane i 2021.

Industrivern

Verksemda har etablert industrivern og har god dialog med Sogn brann og redning om brannførebyggande tiltak.

9. Dokumentunderlag

Lovgrunnlaget for Fylkesmannens inspeksjon var:

- Forureiningslova
- Avfallsforskrifta
- Forureiningsforskrifta
- Internkontrollforskrifta

Bakgrunn for Sogn Brann og redning sin synfaring var:

- Brann- og eksplosjonsvernlova
- Forskrift om brannførebygging
- Forskrift om farleg stoff